

NÆRINGSMIDDELTILSYNET for Hornindal og Stryn

6783 STRYN

Telefon/fax: 57 87 67 90/ 57 87 67 91 E-mail: tilsyn@stryn.knt.no

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 DEP
0030 OSLO

Vår ref: 03/00137
Stryn, 27.03.2003

VEDR. HØYRINGSNOTAT OM FRAMTIDIG ORGANISERING AV LABORATORIETENESTENE PÅ MATOMRÅDET MV.

Vi har saman med kommunene som er eigarar av etaten, meint at laboratorieverksemd burde vere en integrert del av tilsynet, men har ikke nådd fram med dette synet. Vi har innsett at dette slaget er tapt, og aksepterer at politikarane har bestemt seg for marknadsstyrt laboratedrift.

Vi meiner å ha lagt ned mykje godt arbeid under utviklinga av det lokale laboratoriet, og har fått til ei eining som fungerer godt for tilsynsområdet. Det blir no fokus på å redde det som reddast kan av laboratorieverksemda lokalt. Vi vil prøve å få til ei vidareføring av det lokale laboratoriet anten som eit A/S eller som ein privateigd driftslab.

Det er med denne bakgrunnen vi uttalar oss om det aktuelle høyringsnotatet.

Mest muleg av laboratorietenestene bør leggest ut frå dei statlege institusjonane. Berre analysar som av faglege eller økonomiske grunnar ikkje kan overtakast av andre, bør vere statleg laboratoriearbeid. Dette vil auke analysemengda på marknaden, og gi håp for ein meir desentralisert struktur. Vi meiner også det er et rett prinsipp at statleg engasjement på laboratorieområdet bør fokuserast på å vidareutvikle dei statlige laboratoria som kompetanseinstitusjonar på matområdet. Desse institusjonane skal vere hovedaktørar for å sikre forvaltningsstøtte, referansefunksjonar, metodeutvikling, diagnostikk og meir overordna beredskapsfunksjonar.

Hovedutfordringa framover vil bli å oppretthalde analysekompetanse i rimeleg nærleik ute i distrikta. Manglande marknadsgrunnlag må kompenseras for ved ekstratiltak. Vidareføring av lokale laboratorie krev ei viss sikring av inntektssida i ein overgangsfase. Vi synest at det i distrikta vil vere rimeleg å styre lokale tilsynsprøver til dei laboratoria som har hatt ansvaret for tilsvarande prøver dei siste åra. Dette bør gjelde for ein periode på 3-5 år slik at laboratoria får rimeleg tid til å innstille seg på marknadskreftene. I same samanhengen er det svært viktig så snart som muleg å få klarlagt kva det lokale laboratoriet kan rekne med å få analysert av prøver for Mattilsynet i 2004.

Vi trur absolutt ikkje at eitt mikrobiologisk laboratorium i Sogn og Fjordane vil vere nok til å tilfredsstille kvalitetskrava til tidsavstand mellom prøveuttak og analysetidspunkt. Vassprøver skal etter internasjonale standardar analyserast innan 8 timar. Dette blir umuleg å leve opp til for t.d. tilsynsprøver som blir tekne ut av inspektørar under tilsyn ute i distriktet. Det er vanskeleg nok slik situasjonen er i dag med 5 laboratorier i vårt fylke. Kjøttkontrollen er elles svært avhengig av nærleik til laboratorietenester på grunn av kostbar, lettbederveleg råvare og kort klagefrist ved forvaltninga av lovverket.

Vi er tilfreds med at staten viser vilje til å ta eit ansvar saman med kommunene for å sikre at arbeidstakarar på laboratorieområdet skal få om lag same vilkår for omstilling som dei tilsette som blir overført til Mattilsynet. For tilsette i dei kommunale laboratoria blir imidlertid dette på mange vis berre fine ord særleg på grunn av at resultata av omstillinga er ein kraftig reduksjon i talet på laboratorietilsette. Desse personane vil ikkje slik dei fleste tilsette som blir overført til Mattilsynet, finne igjen sine arbeidsoppgåver etter omstillinga. Overtallig laboratoriepersonell må prioriterast for stillingar der laboratorierelatert kompetanse eller ny kompetanse blir eit krav.

I høve vidareføring av laboratoriefunksjonen er det viktig at staten har omstillingsmidlar til rådvelde som kommunar eller private kan få tilgang til for kompetanseutvikling og for å utvide analysespekteret.

Med helsing

Inger Hoff
styreleiar

Knut Frøysedal
kommuneveterinær

